



Eldredagen vart markert på Husnes i dag. Frå Uskedalen møtte Amhild Myklebust, Johanna Yri, Sigmund og Bjørg Møyfrid Fredheim og Hilda Guddal

Den internasjonale eldredagen 1. oktober vart skipa til på Kulturhuset Husnes i dag. Forfattar Lars Amund Vaage fortalde levande om bestefar sin, dikteren Ragnvald Vaage. Ragnvald Vaage (1889 – 1966) frå Sunde vart foreldrelaus i ung alder, noko som sette sitt preg på diktinga hans.



180 gjester i Festsalen på Kulturhuset Husnes

Han gjekk på Voss folkehøgskule, seinare Askov Høiskole i Danmark. Han debuterte i 1912 med diktsamlinga Liv som strir.

Ragnvald Vaage var ofte i Uskedalen, i godt venskap på Kjærland og Haugland, og som talar i ungdomslaget og på ungdomsstemne.

Kristian Hus kjem med bok om tre veker,- ei portrettsamling med tittelen Godt vaksen. Jens Ljosnes og Ragna Hjelmeland (f. Langballe) frå Uskedalen vert omtala i boka.

Elles var det konsertinnslag, allsong, middag og helsingar.

Nær på 200 var påmelde til festen i dag. Av dei var fem frå Uskedalen, eit lite tal frå ei sentrumsbygd i Kvinnherad.

Tekst/foto: Kristian Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland